

KOMMISJONSDIREKTIV 2009/161/EU

2015/EØS/51/20

av 17. desember 2009

om fastsetjing av ei tredje liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF, og om endring av kommisjonsdirektiv 2000/39/EF(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om Den europeiske unionen og traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helse og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 2,

med tilvising til fråsegna frå Det rådgjevande utvalet for helse og tryggleik på arbeidsplassen og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 98/24/EF skal Kommisjonen, i form av rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet som skal fastsetjast på fellesskapsplan, gjere framlegg om europeiske mål for vern av arbeidstakarar mot risikoane i samband med kjemiske agensar.
- 2) I samband med utføringa av denne oppgåva skal Kommisjonen få hjelp av Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar (SCOEL), som er oppnemnt ved kommisjonsavgjerd 95/320/EF⁽²⁾
- 3) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet er helserelaterte, ikkje-bindande verdiar som er rekna ut på bakgrunn av nyaste tilgjengelege vitskaplege data, samstundes som det vert teke omsyn til tilgjengelege måleteknikkar. Med desse verdiane vert det fastsett grenseverdiar for eksponering, som vil seie at under dette nivået er det generelt ikkje venta at eit stoff skal ha nokon skadeverknad ved eksponering over kort tid eller dagleg gjennom eit heilt yrkesaktivt liv. Dei utgjer europeiske mål som skal hjelpe arbeidsgjevarar til å definere og vurdere risikoar i samsvar med artikkel 4 i direktiv 98/24/EF.
- 4) Medlemsstatane skal fastsetje ein nasjonal grenseverdi for eksponering i arbeidet for alle kjemiske agensar som har ein rettleiande grenseverdi som er fastsett på fellesskapsplan, samstundes som dei tek omsyn til fellesskapsgrenseverdien, men dei kan avgjere korleis grenseverdien skal vere i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.

- 5) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet bør reknast som ein viktig del av heilskapsmetoden for å verne arbeidstakarar mot risikoar i samband med kjemiske agensar.
- 6) Resultata av dei risikovurderingane og risikoreduserande strategiane som er utvikla innanfor ramma av rådsforordning (EØF) nr. 793/93 av 23. mars 1993 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer⁽³⁾, viser at det er naudsynt å fastsetje eller revidere grenseverdiar for eksponering i arbeidet for ei rekkje stoff.
- 7) Kommisjonsdirektiv 91/322/EØF⁽⁴⁾, endra ved direktiv 2006/15/EF⁽⁵⁾, inneheld grenseverdiar for eksponering i arbeidet for ti stoff, og gjeld framleis.
- 8) Det vart fastsett ei første og andre liste over grenseverdiar for eksponering i arbeidet ved kommisjonsdirektiv 2000/39/EF⁽⁶⁾ og 2006/15/EF i medhald av direktiv 98/24/EF. I dette direktivet vert det fastsett ei tredje liste over grenseverdiar for eksponering i arbeidet i medhald av direktiv 98/24/EF.
- 9) I samsvar med artikkel 3 i direktiv 98/24/EF har SCOEL vurdert til saman 19 stoff, som er oppførte i vedlegget til dette direktivet. Eitt av desse stoffa, fenol, var tidlegare oppført i vedlegget til direktiv 2000/39/EF. SCOEL har revidert den rettleiande grenseverdien for eksponering i arbeidet for dette stoffet i lys av nyaste vitskaplege data, og tilrådd at det vert fastsett ein grenseverdi for eksponering over kort tid for å utfylle det eksisterande tidsvegne gjennomsnittet for den rettleiande grenseverdien for eksponering i arbeidet. Dette stoffet, som no er oppført i vedlegget til dette direktivet, bør difor strykast frå vedlegget til direktiv 2000/39/EF.
- 10) Kvikksølv er eit stoff med potensielt alvorlege kumulative helseverknader. Helseovervaking, medrekna biologisk overvaking i samsvar med artikkel 10 i direktiv 98/24/EF, bør difor utfylle dei rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet.
- 11) For å ta omsyn til verknadene av kortvarig eksponering bør det for visse stoff òg fastsetjast grenseverdiar for eksponering over kort tid.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 338 av 19.12.2009, s. 87, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 141/2010 av 10. desember 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 17 av 31.3.2011, s. 20.

⁽¹⁾ TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11.

⁽²⁾ TEF L 188 av 9.8.1995, s. 14.

⁽³⁾ TEF L 84 av 5.4.1993, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 177 av 5.7.1991, s. 22.

⁽⁵⁾ TEU L 38 av 9.2.2006, s. 36.

⁽⁶⁾ TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47.

- 12) For å sikre eit best mogleg vernnivå er det for visse stoff naudsynt å ta omsyn til mogleg opptak gjennom huda.
- 13) Dette direktivet bør vere eit konkret ledd i verkeleggjeringa av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.
- 14) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen⁽¹⁾ —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Ved gjennomføringa av direktiv 98/24/EF skal det fastsetjast ei tredje liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal fastsetje nasjonale grenseverdier for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er oppførte i vedlegget, samstundes som det vert teke omsyn til fellesskapsgrenseverdiane.

Artikkel 3

I vedlegget til direktiv 2000/39/EF går tilvisinga til stoffet fenol ut.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal innan 18. desember 2011 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet.

Dei skal straks sende over til Kommissjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengene mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 5

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 6

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. desember 2009.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President

⁽¹⁾ TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1.

VEDLEGG

CAS ⁽¹⁾	NEMNINGA TIL AGENSEN	GRENSEVERDIAR				Merknad ⁽²⁾
		8 timar ⁽³⁾		Kortvarig ⁽⁴⁾		
		mg/m ³ ⁽⁵⁾	ppm ⁽⁶⁾	mg/m ³	ppm	
68-12-2	N,N-Dimetylformamid	15	5	30	10	Hud
75-15-0	Karbondisulfid	15	5	—	—	Hud
80-05-7	Bisfenol A (støv som kan andast inn)	10	—	—	—	—
80-62-6	Metylmetakrylat	—	50	—	100	—
96-33-3	Metylakrylat	18	5	36	10	—
108-05-4	Vinylacetat	17,6	5	35,2	10	—
108-95-2	Fenol	8	2	16	4	Hud
109-86-4	2-Metoksyetanol	—	1	—	—	Hud
110-49-6	2-Butoksyetylacetat	—	1	—	—	Hud
110-80-5	2-Etoksyetanol	8	2	—	—	Hud
111-15-9	2-Etoksyetylacetat	11	2	—	—	Hud
123-91-1	1,4-Dioksan	73	20	—	—	—
140-88-5	Etylakrylat	21	5	42	10	—
624-83-9	Metylisocyanat	—	—	—	0,02	—
872-50-4	N-Metyl-2-pyrrolidon	40	10	80	20	Hud
1634-04-4	Tert-butylmetyleter	183,5	50	367	100	—
	Kvikksølv og toverdige uorganiske kvikksølvambindingar, medrekna kvikksølv(II)oksid og kvikksølvklorid (målt som kvikksølv) ⁽⁷⁾	0,02	—	—	—	—
7664-93-9	Svovelsyre (tåke) ⁽⁸⁾ ⁽⁹⁾	0,05	—	—	—	—
7783-06-4	Hydrogensulfid	7	5	14	10	—

⁽¹⁾ CAS: Chemical Abstract Service Registry Number.

⁽²⁾ Dersom merknaden «Hud» står til ein grenseverdi for eksponering i arbeidet, tyder dette at ei større mengd av stoffet kan takast opp gjennom huda.

⁽³⁾ Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt på åtte timar.

⁽⁴⁾ Grenseverdi for eksponering over kort tid. Ein grenseverdi som ikkje bør overskridast, og som gjeld for ein eksponeringsperiode på 15 minuttar, med mindre noko anna er nemnt.

⁽⁵⁾ mg/m³ = milligram per kubikkmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa.

⁽⁶⁾ ppm = milliondelar etter volum i luft (ml/m³).

⁽⁷⁾ Ved overvaking av eksponering for kvikksølv og toverdige uorganiske kvikksølvambindingar bør det takast omsyn til relevante metodar for biologisk overvaking som utfyller dei rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet.

⁽⁸⁾ Ved val av ein høveleg metode for overvaking av eksponering bør det takast omsyn til potensielle avgrensingar og interferensar som kan oppstå ved førekomst av andre svovelsambindingar.

⁽⁹⁾ Tåke er definert som torakal fraksjon.